

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Kristi forklarelsesdag – 4. februar 2018

Preiketekst: Mark 9,2-13

Lesetekst I: 2 Mos 3,1-6

Lesetekst II: 2 Pet 1,16-18

Synet på fjellet

Ei overraskande oppleving fekk dei tre læresveinane, Peter, Jakob og Johannes då dei etter invitasjon frå Jesus vart med han opp på fjellet. Lukas seier at dei gjekk opp i fjellet *"for å be"*. (Luk 9,28) Evangelistane fortel ofte at Jesus gjorde det, åleine eller saman med læresveinane.

Jesus har nett tala til læresveinane om at han skal lida mykje, bli slått i hel og stå opp igjen etter tre dagar. *"Dette tala han ope om."* Peter protesterer, men Jesus talar han strengt til rette: *"Vik bak meg, Satan!"* (9,31-33)

Deretter talar Jesus om kva det vil seia å følgja han og kva konsekvensar det kan få. Ingen dans på roser, akkurat! Han talar både om å ta krossen sin opp og følgja Jesus og om å missa livet sitt for evangeliet si skuld. Samtidig antyder han resultatet for dei som ikkje følgjer Jesus, dei skal *"Menneskesonen skjemmast ved når han kjem i sin Fars herlegdom."* (9,34-38)

Åleine med Jesus

Etter desse informasjonane som kunne vera triste for læresveinane å høyra og som sikkert gjorde dei spørjande og redde, tek Jesus tre av læresveinane med seg opp på fjellet. Det er ikkje første gong Jesus tek med seg akkurat desse tre, Peter, Jakob og Johannes. Vi høyrer om at han tek dei med seg i krevjande arbeidssituasjonar (5,37), og då det røyner på som aller mest i Jesu liv, i Getsemane (14,33). På fjellet er dei åleine med Jesus desse tre. Det er då det skjer, det som dei ikkje kunne ana, det dei hugsar for all tid og som for all framtid vert eit bevis for dei om kven Jesus er.

I Peter sitt andre brev les vi om dette: *"For vi følgde ikkje klokt uttenkte mytar då vi kunngjorde for dykk vår Herre Jesu Kristi makt og hans kome. Nei, vi var augnevitne og såg hans guddomlege velde."* (1 Pet 1,16)

Synet

Dei er åleine med Jesus, det er då det skjer: Jesus vert forvandla for augo deira. Kleda hans vert skinande kvite. Så kvite *"at ingen som bleikjer klede her på jorda, kan få dei så kvite"* (v 3). Markus vil med det seia at dei har himmelsk glans, dei er overjordisk kvite. Læresveinane er vitne til himmelsk herlegdom som gjev seg utslag i dei skinande kvite kleda.

Saman med den forvandla Jesus syner Elia og Moses seg, *"og dei snakka med Jesus."* (v 4) Markus seier ikkje kva dei snakka om, men det gjer Lukas: *"tala om den utgangen livet hans skulle få, om det han skulle fullføra i Jerusalem."* (Luk 9,31)

Elia representerer profetane i GT, Moses representerer lova som Gud gav Israel. Både lova og profetane peika framover mot Messias. *"Mange gonger og på mange måtar har Gud i tidlegare tider tala til fedrane gjennom profetane. Men no, i desse siste dagar, har han tala til oss gjennom Sonen"*. (Hebr 1,1)

No er Elia og Moses her saman med Jesus som snart skal fullbyrda si oppgåve på jorda. Dei er her for å trøysta og styrkja han til den kampen han står overfor.

Snartenkte og praktiske Peter vil gjerne gjera noko godt for dei tre som snakkar saman, sjølv om han saman med dei to andre læresveinane er redd og synest heile situasjonen er skræmmande så han knapt veit kva han skal gjera.

Røysta

Hyttebygginga vert det ikkje noko av, dei vert overraska av ei ny hending. Ei røyst talar til dei ut av ei sky som brått kastar skugge over dei. *"Dette er Son min, han som eg elsker. Høyr han!"* (v 7) Noko liknande har hendt før, ved Jesu dåp. Røysta sa då: *"Du er Son min, som eg elsker, i deg har eg mi glede."* (Mark 1,11) Då var orda tilrekna Jesus. Her på fjellet er dei retta til læresveinar som treng ei himmelsk forsterkning før tøffe dagar og år som ligg framfor dei.

Guds røyst talar til dei om Guds Son, Jesus. Dei treng denne påminninga framfor det som står for døra, og som Jesus har tala til dei om. Dei treng også å verta minna på å lytta til det Jesus seier og å følgja orda hans i den situasjonen som no nærmar seg med stormskritt, Jesus skal lida, døy og stå opp igjen.

Ned frå fjellet

Dei tre læresveinane får sjå Jesu herlegdom og dei får høyra Guds røyst. Ei openberring som vert avslutta like brått som ho kom. Då synene er borte og røysta stilnar og dei ser seg omkring, *"såg dei ingen annan enn Jesus; berre han var hos dei."*(v 8)

Dei kom opp på fjellet for å be og heldt nok fram med det. Lukas seier at det var dagen etter dei kom ned frå fjellet. (Luk 9.37)

På vegen ned bed Jesus dei om ikkje å fortelja om kva dei har sett. Dei er vane med at Jesus seier det slik. Å fortelja skal dei venta med til etter at Menneskesonen har stått opp frå dei døde, denne gongen er "forbodet" tidsavgrensa. Dei diskuterer med kvarandre kva det betyr å stå opp frå dei døde. Var det ikkje slik at Messias skulle leva evig? Men dei spør ikkje om forklaring, dei spør heller ikkje om forklaring på hendingane på fjellet.

Derimot spør dei om Elia og det som står om han i profeten Malaki 4,5: *"Eg sender profeten Elia til dykk før Herrens dag kjem."* Jesu svar er at Elia skulle først koma for å setja alt i rett skikk og Elia er alt komen. I Matt 11,14 seier Jesus om Johannes døyparen: *"Han er den Elia som skulle koma."*

Konklusjon

1. Jesus er Guds Son; han er den Menneskesonen som skal *"lida mykje og bli vanvørd"* før han står opp igjen frå dei døde.
2. Når Jesus tek dei tre læresveinane Peter, Jakob og Johannes med seg opp på fjellet og let dei få denne spesielle opplevinga, er det for at dei skal forstå meir av kven han er. Han vil også oppmuntra dei og styrkja dei før det som skal koma, hans eiga liding og død og livet etter at han har forlatt dei.
3. Jesus treng sjølv den trøysta og oppmuntringa det er å møta og tala med Elia og Moses før han skal gjennom dei hardaste vekene i sitt jordiske liv, då lidinga er så stor at sveitten renn som blodsdråpar.
4. Til slutt: då den flotte og spesielle opplevinga tok slutt for læresveinane, *"såg dei ingen annan enn Jesus; berre han var hos dei."*

Det er nok, også for oss!

Alvhild Vassel Eide

Pensjonist; NMS-medarbeidar i Kamerun og i Bjørgvin

alvhild.vassel@gmail.com